



HANDLINGSPLAN

Sogn og Fjordane Skikrins

2025-2027

1. Vår mulighet 2025-2027.
2. Strategistruktur.
3. Vår historie, innsatsområder, samfunnsrolle og ambisjon.
4. Visjon og verdier
5. Handlingsplan - Sogn og Fjordane Skikrins 2025-2027



1. Vår moglegheit 2025-2027

Saman forvaltar vi sjølve nasjonalidrettane og med det følgjer eit stort ansvar – og mange moglegheiter. I kommande strategiperiode skriv vi eitt kapittel i Skiforbundet- og ski-Norge si historie.

Når dette kapittelet skal skrivast har vi alle i fellesskap ein moglegheit vi kan gripe som er viktigare enn noko anna:

Samtidig som vi tek vare på og er stolte av våre 113 000 aktive medlemmar i dei over 1000 skiklubbane frå sør til nord, skal vi også vende merksemda mot alle 1,8 millionar menneskje her i landet som driv med ein eller anna form for skiaktivitet.

Som organisasjon forstår vi viktigheita av å ta ei tydlegare samfunnsrolle, ikkje berre som utgangspunkt i dei mest aktive, men på vegne av og for alle dom driv med skiaktivitet. Skisporten er ein av landet sine viktigaste bidragsytarar til folkehelsa.

Sjølv om vi alle retter merksemda mot breidde og ski-Norge sitt grunnfjell, betyr ikkje det at toppidretten skal nedprioriterast. Vi er som organisasjonen bevisste det gjensidige avhengigheitsforholdet mellom breidde og topp. Dei to står ikkje i eit motsetningsforhold, tvert i mot. Våre verdseinarar er rollemodellar for generasjonar. I ei uroleg tid spelar toppidretten kanskje ein enda viktigare rolle i å samle folk om felles opplevingar.


Skal vi lykkast med å sikre organisasjonen si framtidige finansiering av all aktivitet og drift må vi klare å balansere breidde og topp – og bli betre på å vise fram heilheita, og alt det vi i den organiserte skiidretten gjer kvar dag for alle skientusiastar over heile landet.

Vi må også som eit ansvarleg Skiforbund ta innover oss våre økonomiske realitetar, framtidsutsikter og rammebetingelsar, og justere kurs der det trengs.

Skal vi som organisasjon saman kome styrka ut av strategiperioden må vi prioritere, til det beste for organisasjonen sin økonomi i balanse med aktivitetsnivå i breidde og topp.



2. Strategistruktur.*



*Kretser, grener og avdelinger i fellesfunksjonen lager egne strategier og/eller handlingsplaner rettet mot å nå de overordnede målene for hele organisasjonen vedtatt av Skitinget. Skistyret **fastsetter maler for strategier/handlingsplaner som skal bruk***

3. Vår historie, innsatsområder, samfunnsrolle og ambisjon.

Vår historie

Ski er glede, og skiglede er for alle. Vi lager sport og bekkar for ulike interesser, behov og funksjoner. For nokre går fort, og andre vil gå langt. Nokon står ned, og andre hoppar opp. Nokon gjer begge deler, og veldig mange litt av alt. Breidde er ski-Noregs sjølvne grunnfjell, kor like moglegheiter for alle er ein selvfølgelighet. Ski gjer oss sterkare, fysisk og mentalt. Vi får gleden av friluft, samhald, og alle fordelar av aktivitet. Nysgjerrigheit og leik glir naturleg over til prestasjon.

Heltar og rollemodellar veks fram, som vi sårt treng i dei vinterdagane kor kulde er normen, men vi kjem oss ut likevell! Ski tek oss heilt til gull og kvite skogar. Gjer oss verdskjende for brøling, skapar historie og samla folk til fest. Fordi poden gjekk sitt første renn, eller heile verda såg oss vinne.

Ski lagar dagar vi verken kan, eller vil, gløyme. Det er verktøyet som let oss kople av mas og kjas, og kople oss på den norske naturen. Ski er ein sport som skapar djupe minner, men enda djupare røter. Røter som til tider sit så djupt at dei utfordra oss i søken etter nye løyper. Men ski-Noreg veit kva utvikling betyr. Vi har gått frå feller,



til smurning, til rulling (til feller igjen). Vi har gått frå skihopp på tak, til skihopp frå tårn. Vi har gått frå djupe spor i kjøpe, til freeski i resirkulert bukse. Nokon gode ting sit framleis godt i, og bra er det. Nokon ting bør sitte lausare, og enda betre blir ski-Noreg da. Laust nok til å nå nye høgder, nye retningar, og nye menneskje: dei som enda ikkje har fått gleda av vesle Noreg, som er store på ski.


Våre innsatsområde og samfunnsrolle



Samfunnsrolle:

1,8 millionar stort moglegheitsrom

Det er om lag 1,8 millionar menneske i Noreg som på sin måte finn vegen til opplevingar på ski. Vi må tore å tenke nytt, større og lengre. På den måten vil vi kunne nå enda fleire, tydeleggjera vår samfunnsrolle, auka kommersialitet og legge til rette for skiglede for alle.



Grunnfjellet representerer det første møtet med skisporten, der nesten ingen er medlemmer først, men aktiviteter er ofte klubbrevet. Det representerer også, etterhvert som vi blir eldre, all den egenorganiserte skiaktiviteten, uavhengig av alder og ambisjoner.



Ambisjon 2025-2027

- Vi er verdas beste på topp.
- Vi vil bli best på heilheita også.

4. Visjon og verdiar

Visjon:

Skiglede for alle!

Skiglede for alle forplikta i

- breidde
- topp og
- i et bærekraftperspektiv – for alltid.

Verdiar:

Fellesskap

Syner at vi er ein organisasjon som ser alle, skapar trygghet, og tek vare på alle. Vi står saman. Ein skiidrett prega av samarbeid og fellesskap, inviterer inn, uavhengig av bakgrunn eller økonomi. Den har respekt for alle. I fellesskap lærer vi av kvarande, samarbeider og gjer kvarandre gode – for dei som står saman, oppnår meir. I toppidretten er fellesskap eit konkurransefortrinn. Verdien speglar også mangfaldet i samfunnet og i lokalsamfunnet.

Meistring

Er vår ambisjon om utvikling – for utøvarar og for organisasjonen. Meistring er heile tida å klare dei små stega måt målet om ein stadig betre skiidrett, og ein betre prestasjon. Meistring betyr å vere nytenkande og målretta, søke forbetring og utvikling mot nye mål. Meistring er ein drivkraft også mot personleg vekst og utvikling. Meistring gir idrettsglede. Ved å legge til rette for meistring uavhengig av nivå, blir fleire med lenger. Ved å anerkjenne innsats og legge til rette for at born og unge på alle nivå får meistringskjensle i lek, på trening og i konkurransar, skapast dei beste forutsetningane for livslang skiglede – og i sin tur også fleire gode opplevingar og prestasjonar.

Ærlighet

Handlar om troverdigheit og openheit. I skiidretten er vi ærlige mot oss sjølv og mot ideen om like kår. Ein ærleg idrett seier nei til doping, manipulering av idrettskonkurransar og uredelgheit i alle former. Ærlighet er Fair Play – for konkurransane, for idretten, og for organisasjonen. Ærlighet betyr ein organisasjonskultur med godt styresett, transparens, rom for diskusjon og ueinighet i openheit. Det betyr også vilje og evne til å drøfte etiske og vanskelege problemstillingar. Ærlighet inneber at vi med stoltheit kan «sjå oss sjølv i spegelen» og samtidig vere ein pådrivar for innovasjon og utvikling. Ærlighet i idrett er ei



tydeleg stemme for norsk idrett sine verdier både nasjonal og internasjonalt. Ærlighet er ein prestasjonsverdi.

Ansvarlegheit

Viser at vi tek ansvar, i fellesskap og som enkeltpersonar, for kvarandre og for oss sjølve. Vi tek ansvar for vår organisasjons utvikling og økonomi. Vi tek ansvar for miljø, klima, og for ein ansvarleg natur- og ressursbruk.



5. HANDLINGSPLAN – SOGN OG FJORDANE SKIKRINS 2025-2027

Prioriterte mål og delmål med bakgrunn i *Skiglede for alle* for Sogn og Fjordane Skikrins i perioden vår 2025 – vår 2027.

Skikrinsstyret og komiteane utarbeider tiltak under kvart delmål for perioden.

Prioriterte hovudmål for perioden 2025-2027

1. Sogn og Fjordane Skikrins skal gjennom aktiv rekruttering og heilheitleg ivaretaking av medlemmane stimulere til auka deltaking i skiidretten.

Innsatsområde: MANGFALD OG REKRUTTERING						
Mål 1: Senke økonomiske barrierar for deltaking og motverke utanforskap slik at skiidretten speglar mangfaldet i Norge.						
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 1.1. Skikrinsen skal aktivt arbeide for å redusere kostnadsnivået i skiidretten gjennom haldningsskapande arbeid i skiklubbane.	1. Skikrinsen skal følgje opp facebook-sida «Kjøp og sal av brukt skiutstyr i Sogn og Fjordane».	AU				
	2. Skikrinsen skal arbeide for rimelege tilbod for innkvartering i samband med nasjonale renn og meisterskap.	AU				
	3. Skikrinsen skal oppfordre klubbane til å arrangere byttedagar gjennom Skiforbundet sitt arrangement «byttehelgen» eller liknande arr.	AU				
Mål 2: Gjere det mogleg for klubbane å rekruttere enda fleire born og unge, og ivareta alle som er medlemmar for å hindre fråfall.						



Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 2.1. Skikrinsen skal implementere SUM i skiklubbane i eigen krins slik at borna sitt første møte med skiidretten blir prega av leik og glede, uavhengig av utviklingsnivå. og alder.	1. Legge til rette for flest mogleg lågterskel opplæringstilbod for foreldre og andre skiinteresserte i ulike delar av fylket, med fokus på skileik/ basistrening (på tvers av grein) pr. år. Hjelp til arrangement sogn, sunnfjord, nordfjord	AU				
	2. I samarbeid med idrettslaga skal skikrinsen vidareføre prosjektet Utedagen ved grunnskular kvart år i planperioden	AU				
	3. Skikrinsen skal legge til rette for min. 2 (to) stk. ski- og snøsamlingar for para utøvarar pr. år i planperioden.	AU				
	4. Skikrinsen skal legge til rette for min. 1 stk. basissamling pr. år i planperioden på tvers av skigreinene for unge utøvarar.	AU				
	5. Alpinkomiteen kan legge til rette for kompetansehevande tiltak i alpingrupper som har utfordringar med å skape aktivitet, dersom dei ynskjer bidrag på dette området.	AK				
	6. Langrennskomiteen skal leggje til rette for lågterskel opplæringstilbod for foreldre årleg.	LK				



Mål 3: Synliggjøre organisasjonen (forbund, krets og klubb) si betydning for folkehelse og den samfunnsmessige relevansen og betydninga av at vi er 1,8 millionar skientusiastar.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 3.1. Skikrinsen si terminliste skal gje opning for konkurransefrie helgar i aldersbestemte klassar opp til 12 år.	1. Alpinkomiteen legg opp til ei rennfri helg på vinteren, der det blir lagt opp til trening-/aktivitetssamling.	AK				



Innsatsområde: ARRANGEMENT OG ANLEGG

Mål 4: Modernisere og utvikle kompakte og heilårs kvardags- og rekrutteringsanlegg nær folk.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 4.1. Skikrinsen skal følgje opp arbeidet i anleggskomiteen knytt til utvikling/revidering av Anleggsplan 2025-2029.		AU				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 4.2. Skikrinsen skal bistå idrettslaga med etablering av hensiktsmessige anlegg ut frå ei klassifisering av anleggstypar gjennom anleggsplanen.	1. Hopp- og kombinertkomiteen skal arbeide for at det vert realisert fleire mindre sentrumsnære plastbakkar der det elles er lite snø.	HKK				
	2.Langrennskomiteen skal arbeide for at det vert etablert i fleire område for skileik i allereie etablerte anlegg.	LK				
	3. Anleggskomiteen skal aktivt følgje opp arbeidet med unviservsell utforming ved rehabilitering og nyetablering av anlegg.	AU				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 4.3. Skikrinsen skal legge til rette for kompetansetiltak om utvikling av nærmiljøanlegg og	1. Skikrinsstyret skal legge til rette for 1 stk. arrangør- og anleggseminar i planperioden, <i>der m.a.</i>	AU				



snøsikre anlegg. (Seminar, sonemøte/klubbesøk, synfaring).	<i>innhaldet skal vere retta mot korleis skianlegga kan utviklast ved marginale snøtilhøve.</i>					
	2. Skikrinsstyret skal jobbe for å utvikle skileikanlegg, og skileikanlegg med mogleg snøproduksjon.	AU				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 4.4. Skikrinsen skal bistå idrettslaga saman med skiforbundet i oppstart av anleggsprosjekt.		AU				

Mål 5: Engasjere og motivere ski-Norges grunnfjell og bredde, i et samarbeid mellom forbundet sentralt, gren, krets, klubb og samarbeidspartnere.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 5.1. Skikrinsen skal kartlegge skiklubbane sine behov, og på bakgrunn av det tilby utviklingskurs for klubb utvikling og leiarar i klubben.	1. Skikrinsen skal gjennomføre flest mogleg klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak.	AU				
	2. Alpinkomiteen skal legge til rette for klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak.	AK				
	3. Langrennskomiteen skal gjennomføre 6 klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I	LK				



	framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak.					
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 5.2. Skikrinsen skal oppmøde til treningstilbod på tvers av greiner og skiklubbar.	1. Langrennskomiteen skal stimulere til fleire sonesamarbeid, etter modellen til «Sognelangrenn».	LK				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 5.3. Skikrinsen skal bidra til trenarsamarbeid på tvers av skiklubbar og greiner.	1. Skikrinsen skal i samarbeid med idrettskrinsen og andre særkrinsar legge til rette for min. 1 stk. trenarseminar i planperioden.	AU				
	2. Hopp- og kombinertkomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. inspirasjonssamlingar pr. år i planperioden.	HKK				
Mål 6: Sette arrangører og anlegg i stand til å gjennomføre attraktive og nyskapende nasjonale og internasjonale konkurranser og mesterskap.						
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 6.1. Skikrinsen skal implementerene arrangementkonsept gjennom sonemøter, klubbesek og arrangørseminar.	1. Skikrinsen skal saman med greinkomiteane legge til rette for 1 stk. arrangør-/anleggsseminar i planperioden.	AU				
	2. Hopp- og kombinertkomiteen skal legge til rette for min. 3 stk. (tre) lågterskel arrangement for	HKK				



	føresette og utøvarar.					
	3. Alpinkomiteen skal terminfeste fleire lågterskel arrangementkonsept («Young Attacking Vikings»), t.d. parallellslalåm, skicross etc.	AK				
	4. Langrennskomiteen skal stimulere laga til å avvikle karusell-/klubbrenn som skicross.	LK				
	5. Langrennskomiteen skal gjennomføre «lik smurning for alle» til 1 skirenn, der skia til alle påmeldte blir smurde før rennstart.	LK				
	6. Langrennskomiteen skal legge til rette for ein sosial arena utanfor skiløypa som er knytt til eit arrangement. Eksempel bankett til KM helga.	LK				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 6.2. Skikrinsen skal implementere nye arrangementkonsept i terminlistene til dei ulike greinene.	1. Skikrinsen skal legge føringar for implementering av nye arrangementkonsept (som t.d. skicross, «Sogn og Fjordane leikane», treningshelg) i greinkomiteane sine terminlister.	AU				
	2. Langrennskomiteen skal legge til rette for kortare og flatare skirenn i terminlista	LK				



	som skal utjamne dei fysiske forskjellane i større grad.					
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 6.3. Skikrinsen skal rettleie arrangørane slik at skiklubbane er i stand til å gjennomføre arrangement med fokus på effektivitet og høg aktivitet.	1. Alpinkomiteen skal legge til rette for 1 stk. TD 1 kurs i planperioden.	AK				
	2. Langrennskomiteen skal legge til rette for 1 stk. TD 1 kurs i planperioden.	LK				



Innsatsområde: UTØVERE OG ROLLEMODELLER

Mål 7: Utvikle reisen fra klubb til landslag som den helhetlig beste for talentene – og opprettholde landslaget som det beste stedet å trene og konkurrere for verdensenerne.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 7.1. Skikrinsen skal skape utviklingsmiljø på tvers mellom skiklubbar i krinsen, og skiklubbar på tvers av klubbgrensene.	1. Alpinkomiteen skal, i planperioden, legge til rette for min. 1 stk. inspirasjonshelg for trenarar og føresette.	AK				
	2. Alpinkomiteen skal vidareføre samlingsbasert barmarksopplegg m/ krinstrenar, samt opplegg med krinstrenar vinterstid.	AK				
	3. Langrennskomiteen skal arbeide for vidareføring av Team Vest	LK				
	4. Langrennskomiteen skal vidareføre satsinga på krinslaga med tilsvarande modell som føregående år.	LK				
	5. Langrennskomiteen skal vidareføre samlingsopplegget knytt til Impulslaget (16 år).	LK				
	6. Hopp- og kombinertkomiteen skal arbeide for vidareføring av min 3. stk SFEhoppssamlingar i planperioden.	HKK				



Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 7.2. Skikrinsen skal samarbeide med nærliggande skigymnas og høgskular knytta til kurs-, kompetanse-, og aktivitetsutvikling.	1. Skikrinsen skal samhandle med Sogndal vgs. og Stryn vgs./ landslinja om kompetanse- og aktivitetsutvikling i langrenn.	LK				

Mål 8: Legge til rette for livslang frivillig deltagelse i skidretten på alle nivåer og i alle funksjoner.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 8.1. Skikrinsen skal vere ein pådrivar for å gjennomføre trenarutdanning for skiklubbane sine trenarar, og implementere trenarløypa i all trenarutdanning.	1. Alpinkomiteen skal legge til rette for «foreldrekurs» årleg i planperioden.	AK				
	2. Langrennskomiteen skal legge til rette for min. 3 stk. «foreldrekurs» årleg i planperioden.	LK				
	3. Alpinkomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. trenar 1-kurs i planperioden.	AK				
	4. Alpinkomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. trenar 2-kurs i planperioden.	AK				
	5. Langrennskomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. trenar 1-kurs pr. år i planperioden.	LK				
	6. Langrennskomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. trenar 2-kurs pr. år i planperioden.	LK				
	7. Skikrinsen skal legge til rette for	AU/ LK				



	trenarkurs på sommarsnø på Sognefjellet kvart år i planperioden (langrenn)						
	8. Skikrinsen skal legge til rette for temakurs i klubb for dei ulike greiner.	AU					
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status	
Delmål 8.2. Skikrinsen skal drive haldningsskapande arbeid, og bidra til at krinslag- og teamutøvarar blir sjølvstendige utviklingsorienterte utøvarar gjennom kompetansetiltak innan kosthald, ernæring, treningslære, organisasjonsforståelse, antidopingreglar, fair play, og andre relevante kurs i idretten.	1. Skikrinsstyret skal følge opp arbeidet i greinkomiteane med å formidle kompetanse innanfor aktuelle tverridrettslege område.	AU					
	2. Skikrinsstyret skal sikre at alle utøvarar knytt til krinslag skal ha gjennomført e-læringsmodulen «Ren Utøver» og «bruk hue» kampanjen	AU					
	3. Langrennskomiteen skal legge til rette slik at alle utøvarar på krinslaga i langrenn gjennomfører e-læringsmodulen «Ren Utøver».	LK					
	4. Alpinkomiteen skal legge til rette slik at alle utøvarar i klasse U16 gjennomfører e-læringsmodulen «Ren Utøver».	AK					
	5. Skikrinsen skal legge til rette for min. 2 stk. tverridrettslege utdanningstiltak i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med	AU					



	basissamling på tvers av greinene.					
	6. Langrennskomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. tverridrettslege utdanningstiltak i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med aktuelle krinssamlingar.	LK				
	7. Alpinkomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. Tverridrettslege utdanningstiltak i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med aktuelle krinssamlingar.	AK				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 8.3. Skikrinsen skal legge til rette for arrangementtilbod for medlemmar som ynskjer å delta, men ikkje nødvendigvis konkurrere.	1. Skikrinsen skal arbeide for ubtreiing av randonee og telemark som skiaktivitet, m.a. gjennom etablering av egne utval eller kontaktpersonar for telemark og randonee.	AU				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 8.4. Skikrinsen skal arbeide for å tilby skiaktivitet som ein del av idrettsaktiviteten i skuletida i eit samarbeid mellom idrettslag, skule og SFO/AKS.	1. Skikrinsen skal vidareføre prosjektet Utedagen dersom vi får det finansiert.	AU				



Innsatsområde: Ansvarlighet og utvikling

Mål 9: Styrke samhandlingen om felles prioriteringer og ekstern/intern kommunikasjon.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 9.1. Skikrinsen skal bidra til aktiv medlemskontakt gjennom digitale kanalar.	1. Skikrinsen sin offisielle informasjonskanal skal vere www.skikrinsen.no	AU				
	2. Skikrinsen sine nettsaker vert delt på skikrinsen si offisielle Facebook-side	AU				
	3. Skikrinsen skal elles bruke aktuelle SoMe til deling av informasjon	AU				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 9.2. Skikrinsen skal syte for klubb- og medlemskontakt gjennom Vår- og Haustmøter.	1. Skikrinsen skal gjennomføre planmessige Vår- og Haustmøter (felles og grein)	AU				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 9.3. Skikrinsen skal vere ein godt synleg idrettsaktør i Sogn og Fjordane.	1. Skikrinsen skal utvikle ein marked- og mediestrategi.	AU				
	2. Skikrinsen skal oppmode greinkomiteane og skiklubbane å vere aktive i høve til lokale aviser, NRK Sogn og Fjordane. SoMe etc.	AU				



Mål 10: Sikre en ansvarlig økonomistyring i alle ledd der det prioriteres til det beste for organisasjonens økonomi med balanse mellom bredde og topp.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 10.1. Skikrinsen skal sikre dei økonomiske rammevilkåra for idrettslaga og skianlegga gjennom politisk påvirkningsarbeid ovanfor fylkeskommunen og kommunane.	1. Skikrinsen skal, i samhandling med idrettskrinsen, arbeide for at det fylkeskommunale rammetilskotet til idretten i fylket vert auka.	AU				
	2. Skikrinsen skal arbeide for at idrettslaga og anleggseigarane utarbeidar gode prosjekt ved utvikling av skianlegg (ref. ordninga for spelemidlar).	AU				
	3. Skikrinsen skal arbeide for at prosjektet "Utedagen" vert vidarefinansiert med offentlege midlar – fylkeskommunen.	AU				

Mål 11: Utvikle, og ved behov omstille, vår organisasjons- og forretningsmodell i takt med vår økonomi og samfunns-, markeds og teknologiutviklingen for å sikre mest mulig aktivitet i hele ski-Norge.

Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 11.1. Skikrinsen bør sikre sine markedsinntekter gjennom å arbeide med regionale samarbeidspartar.	1. Skikrinsen skal primært syte for god oppfølging av eksisterande samarbeidsavtalar med næringslivet.	AU/GK				



	2. Skikrinsen skal utvikle og føre vidare markedsarbeidet som ivaretek totaliteten i organisasjonen	AU/GK				
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 11.2. Skikrinsen skal drive politisk påverknad ovanfor fylkeskommunen, kommunar, idrettskrinsen og skiforbundet.	1. Skikrinsen skal vere synleg på aktuelle politiske arenaer lokalt, regionalt og nasjonalt.	AU/GK				
Mål 12: Kutte klimautslipp og sikre ansvarlig natur- og ressursbruk innen skisporten.						
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status
Delmål 12.1. Skikrinsen skal legge til rette for fluorfri ski-idrett						
Mål 13: Bidra til at skisporten internasjonalt utvikler seg på en bærekraftig måte.						
Kva	Tiltak	Ansv.	Kven	Frist	Ressursar	Status